

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Fjell

Emne: julenisse

Bygdelag: Bøkelåken

Oppskr. av: Hans O. Nordvik

Gard: Nordvik

(adresse): Kessjøen

G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1) Julenisse som dela ut gaver julekvelden har ein ikkje kjend so svart luge. Det kan vel vara bortimot 30 år sidan, at ein fekk kjendskap til han her. Først gjorde han sitt "innlog" i heimene. seinare på julefester. Men julenisse har folk tala om her i bygda i over 100 år. Strikkearbeid (spökearbeid) og veving måtte ein gjera ferdig til jul. Det ein det liggja uferdig jula over, so kom julenisse og gjorde so mykje fjugagn, at det var vauskeleg å få orden på det seinare. Nonsmess-matta byrja både juleveia og julenisse å fara langs vegar og i tinet, so då måtte i alle høve borna vara innandørs, etter att det <sup>var</sup> vortu mørkt, frå nonsmesse natta til over jula. Og bakstekonene som bakte

2.  
til jül sa medan<sup>di</sup> arbeidde:

"Baka litt, baka tinnit, baka  
folla, eller neke frå monsmess-  
natta til jolla" (julla)

2) Sa kjem jülenissen med  
gaver til alle i huset.

It byrja med hadde han gaver  
berre til borna.

3) Det er ymse, eller som det høva.  
jülenissen skal helst vera ein  
likn tase, med stort kvitt skjegg.

4) Utstyret er langt kvitt skjegg,  
sid kofte og rødt kapphue.

Og ikkje å gløyma; sett på ryggen.

5) Det vert for det meste kjøpt.

6) Ja, det gjer ein her i bygda.

7) Nei, det hunder ikkje.

8) Ja, det gjer ein helt  
sikkert her i bygda.

9) Har ikkje høyrst fortelling  
om det.